



LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 01.02.2017
Vår ref.: 2017/267-3
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.: 16/3919 – 17/531

Varsel om kulturhistorisk synfaring - Feste ytre - gnr 70 bnr 23 - dispensasjon - oppføring av fritidsbustad, naust og kai - Lindås kommune

Viser til brev datert 06.01.2017 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Det aktuelle området har topografiske trekk som gjer at det er potensial for nye funn. Det er difor naudsynt med ei synfaring før vi kan gje endeleg fråsegn i saka. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er trong for ei arkeologisk registrering, jf. kulturminnelova § 9. Synfaringa vert gjort så raskt som råd.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.